



MØTEINNKALLING

Utval: Valnemnd
Møtestad: Møterom I Herøy rådhus
Dato: 10.06.2015
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 03.06.2015

Henry Jøsokbakke
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 12/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 13/15	Protokoll frå førre møte.
PS 14/15	Val av to styremedlemmer med personleg vara til styret i Herøy Frivilligsentral
PS 15/15	Val av ny styremedlem til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

PS 12/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 13/15 Protokoll frå førre møte.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/750
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/15	Valnemnd	10.06.2015
	Kommunestyret	25.06.2015

VAL AV TO STYREMEDLEMMER MED PERSONLEG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL

Tilråding frå rådmannen:

Til styret i Herøy Frivilligsentral vert valde:

Styremedlem:

Personleg vara:

Særutskrift:
Dei valde
Fellessekretariatet
Herøy Frivilligsentral v/dagleg leiar
Herøy Frivilligsentral v/styreleiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Referat frå styremøte 20.05.2015

Saksopplysningar:

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer. 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i frivilligsentralen. Styret, inkl. val av leiar, vert vald for 2 år om gongen. Medlem valt frå kommunestyret fylgjer den politiske valperioda på 4 år.

Geir Myksvoll Lande frå Herøy Frikyrkje og Åshild Ørnhaug frå Herøy Sanitetsforening står på val.

Styret har fyljande innstilling til val:

Karl Anders Brendmo som styremedlem med Karine Sæter som personlig vara. Desse representerer Herøy kyrkje.

Gudbjørg Dale styremedlem, Åshild Ørnhaug vara
Desse representerar Herøy Sanitetsforening.

Vurdering og konklusjon:

Styret for sentralen skal ha 5 valde medlemmer, 1 medlem valt frå kommunestyret og 4 medlemmer valt frå lag og organisasjonar etter innstilling frå styret i FS. Styre konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Dagleg leiar er sekretær på styremøte, og har tale- og forslagsrett. Styret inkl. leiar vert vald for 2 år om gongen. Kulturleiaren kan møte med talerett. Det skal sendast ut innkalling og referat frå styremøta.

Rådmannen rår til at innstillinga frå styret vert fulgt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 24.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar



Styremøte onsdag 20.mai 2015 – Referat

Tilstade: Sigurd Nygard, Kurt Are Skarbø, Åshild Ørnhaug, Geir Myksvoll Lande og Britt Paulsen.

Fråvær: Elsi Hagen.

Saker:

4/15: Orienteringssaker.

Dagleg leiar orienterte om drifta.

5/15: Godkjenning av årsmelding.

Framlagt årsmeldinga vart godkjendt.

6/15: Godkjenning av rekneskap

Framlagt årsrekneskap vart godkjendt.

7/15: Val

Geir Myksvoll Lande frå Herøy Frikyrkje og Åshild Ørnhaug frå Herøy Sanitetsforening, står på valg i år, dei tek ikkje gjenvalg.

Styret har fyljande innstilling til val:

Frå Herøy Kyrkja: Karl Anders Brendmo styremedlem, Karine Sæter vara.

Frå Herøy Sanitetsforening: Gudbjørg Dale styremedlem, Åshild Ørnhaug vara.

8/15: Styret gir Britt Paulsen fullmakt på vegne av Herøy Frivilligsentral, til å representere og avgi stemme under dei sakene som er bestemt i innkallinga til stiftingsmøte i «forum for frivilligsentralar» 03.06.2015.

Møtet slutt.

Ref: 20.05.2015 Britt Paulsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/1003
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/15	Valnemnd	10.06.2015
	Kommunestyret	25.06.2015

VAL AV NY STYREMEDLEM TIL SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS

Tilråding frå rådmannen:

Ny styremedlem for Bjørn Martin Aasen vert vald:

Særutskrift:
Sunnmørsbadet AS
Den valde
Fellessekretariatet

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bjørn Martin Aasen har i brev datert 29.04.15 varslet at han ønskjer å avslutte sitt styreverv i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS i samband med avvikling av ordinær generalforsamling i selskapet 30. juni 2015.

Fosnavåg, 04.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinneres